

Konsesjonssøknad

for

Gjuvsgrendi kraftverk



(Bilde 02.012.07, Gjuvsgrendi)

Gjuvsgrendi, Nore og Uvdal kommune

Vik i Sogn, 12.10.10

NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Søknad om konsesjon for bygging av Gjuvsgrendi Kraftverk.

Gjuvsgrendi Kraftverk AS (SUS), ynskjer å nytte deler av vassfallet i Eidsåi, i Nore og Uvdal kommune i Buskerud fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. §8, om løyve til:


- å bygge Gjuvsgrendi Kraftverk

2. Etter energilova om løyve til:

- bygging og drift av Gjuvsgrendi Kraftverk, med tilhøyrande koblingsanlegg og kraftlinjer som omtala i søknaden. Områdekonsesjonær er Nore Energi AS. Det er teke opp tingingar med Nore Energi om tilkopling til lokal 22 kV linje. Ein vil også søkje eit samarbeid om drift av høgspenningsanlegget i kraftstasjonen.

Nødvendige opplysningar om tiltaket går fram av vedlagde utgreiing. Vi ber om ei snarleg behandling av søknaden.

Med helsing



Bystøl AS
Agnar Fosse

Vedlegg: Konsesjonssøknad m/vedlegg

Kopi: Gjuvsgrendi Kraftverk AS (SUS)
v/Jens Jacob Jensen
Ramsrud
3629 Nore i Numedal
Mob. 456 13 459
e-post. jjj@juvsgrenda.no

Søknad om konsesjon – Gjuvsgrendi Kraftverk

Samandrag

Gjuvsgrendi Kraftverk:

Gjuvsgrendi Kraftverk er planlagt i elva Eidsåi med kraftstasjon lokalisert til Gjuvsgrendi i Nore og Uvdal kommune. Følgende hovuddata gjeld for anlegget:

- i. Installert effekt: 2,85 MW
- ii. Årsproduksjon: 7,5 GWh
- iii. Brutto fallhøgde: 255 m
- iv. Røyrgate: lengde ca 2620m, diameter 0,9m, nedgravd i heile lengda. Store deler av røyrkata vert liggjande langs eksisterande privat grusveg i området.

Det er ingen reguleringar eller overføringar i anlegget. I samband med kartlegging av andre brukarinteresser, kulturminne eller landskapsmessige tilhøve i eller i tilknytning til elva, er det ikkje registrert nokon negative konsekvensar ved gjennomføring av tiltaket. Tiltaket er vurdert som positivt for landbruket og busetjinga i Gjuvsgrendi.

I samband med registrering av biologisk mangfald i området vart det påvist fleire raudlista lavartar innafor influensområdet, samt tre raudlista soppartar (vedbuande). Det er vidare opplyst at ein raudlista rovfugl hekkar i nærområdet til utbyggingsområdet. Konsekvensane for det biologiske mangfaldet ved ei utbygging er vurdert som middels negativ.

Som ein del av dei avbøtande tiltaka er det foreslått å sleppe minstevassføring;

- | | |
|-----------------------------------|---------------------------------------|
| o sommar (1. mai – 30. september) | 45 l/s (alm. lågvassføring) |
| o vinter (1. oktober – 30. april) | 30 l/s (5-persentil vintervassføring) |

Søknad om konsesjon – Gjuvsgrendi Kraftverk

Innhold

1	Innleiing	4
1.1	Om søkjaren	4
1.2	Grunngjeving for tiltaket	4
1.3	Geografisk plassering av tiltaket	4
1.4	Dagens situasjon og eksisterende inngrep.	4
1.5	Samanlikning med øvrige nedbørfelt/nærliggende vassdrag.	5
2	Beskrivelse av tiltaket	6
2.1	Hoveddata	6
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativ	7
2.3	Kostnadsoverslag	12
2.4	Fordeler og ulemper ved tiltaket	12
2.5	Arealbruk og eigedomsforhold	12
2.6	Forholdet til offentlige planer og nasjonale føringar	13
2.7	Alternative utbyggingsløsningar	13
3	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn	14
3.1	Hydrologi (verknader av utbygginga).....	14
3.2	Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima.....	16
3.3	Grunnvatn, flaum og erosjon.....	16
3.4	Biologisk mangfald	17
3.5	Fisk og ferskvassbiologi.....	19
3.6	Flora og fauna	19
3.7	Landskap	20
3.8	Kulturminner	22
3.9	Landbruk.....	22
3.10	Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser	23
3.11	Brukarinteresser	23
3.12	Samiske interesser	24
3.13	Reindrift	24
3.14	Samfunnsmessige verknader	24
3.15	Konsekvensar av kraftlinjer	25
3.16	Konsekvensar ved brot på dam og trykkrøyr	25
3.17	Konsekvensar av ev. alternative utbyggingsløsningar.....	26
4	Avbøtande tiltak.....	27
4.1	Anleggsfasen.....	27
4.2	Driftsfasen	27
5	Referansar og grunnlagsdata.....	28
6	Vedlegg til søknaden	28

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Fallrettseigarane i Eidsåi i Gjuvsgrendi, Nore og Uvdal kommune i Buskerud Fylke ynskjer å bygge kraftverk i vassdraget. Bystøl AS er engasjert for å utarbeide søknad om konsesjon etter vassressurslova for prosjektet.

Tiltakshavar:

Gjuvsgrendi Kraftverk AS (SUS)
v/Jens Jacob Jensen
Ramsrud
3629 Nore i Numedal
Mob. 456 13 459
e-post. jjj@juvsgrenda.no

Fallrettseigarar:

Namn	Adresse	Postnr/-stad	Eigardel
Hanne Beate Espelid	Gjuvsgrendi	3629 Nore	52,1
Ole Knut Lappegaard		3629 Nore	2,9
Knut Olav Nerigård	Norefjord	3629 Nore	16,2
Jan Egil Østlid	Frogner Søre	3629 Nore	10,1
Lars Fullu	Nore	3629 Nore	18,6
			100

1.2 Grunngeving for tiltaket

Tiltaket har som føremål å utnytte naturressursane i elva ved å produsere elektrisk kraft. Ei utbygging av elva vil gi grunnlag for lokal verdiskaping i utbyggingsperioden og gi eit sikrere grunnlag for busetjing og drift av gardsbruka i framtida.

Så langt vi kjenner til er vassdraget ikkje tidlegare vurdert etter vassressurslova.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Eidsåi, vassdrag nr 14.H4Z, har utløp i sørenden av Frygnefjorden ved Sanden. Nedbørfeltet for elva ligg vest for fjorden. Elveløpet/dalen går i hovudsak vest-aust. Det er planlagt inntak på kote 780, ca 6,0 km frå Sanden eller tettstaden Nore (luftlinje). Stasjonen er planlagt ved elva på kote 525 like sør for Sønstegard i Gjuvsgrendi.

Heile tiltaket er innafor grensene for Nore og Uvdal kommune og plassert ca 16 km sør-vest for kommunesenteret Rødberg. Det vert elles vist til oversiktskart 1:50 000 vedlegg 1 og situasjonskart for utbyggingsområde 1:5 000 vedlegg 2.

1.4 Dagens situasjon og eksisterende inngrep.

Dalføret som Eidsåi renn gjennom har ei typisk V-form. Ved Gjuvsgrendi renn elva i utprega elvegjel der elva har greve seg ned i landskapet og er lite tilgjengeleg. Ved inntaket og lenger oppe i elvedalen renn Eidsåi ganske åpent i terrenget, uten særlig juv. Nedanfor inntaket derimot blir bekkejuvet til Eidsåi djupare og smalare etter kvart, med svært bratte lisider ned mot elva og med ei rekkje sidekløfter som fell ned frå

sør. Jordmonnet er tynnt, og elvefaret har mykje synleg fjell. I den aktuelle elvestrekninga renn elva i stryk med mindre fossar. Generelt kan den skogdekte, midtre og nedre delen av Eidsåi karakteriserast som et markert bekkekløftlandskap med tung topografi og store høgdeskilnader.

På nordsida av elva er tiltaksområdet prega av inngrep frå landbruk, vegbygging og hogst. Beiteområda er i ein attgroingsfase. Det er bygd veg fram forbi planlagt område for inntak ved Pardis.

Sør for elva er det bygd ein skogsveg, ca 1,5 km, forbi Baksmett fram til ca 200 m frå Kvanna. Vegen er avmerka på situasjonskart i vedlegg 2.

Det er kraftlinje, 22 kV, opp dalføret frå aust fram til Sønstegard.

1.5 Samanlikning med øvrige nedbørfelt/nærliggende vassdrag.


Eidsåi er ei av fleire elvar som renn ut på vestsida av Frygnefjorden. Ved planlagt inntak er det eit nedbørfelt på 30,2 km². Nedstrøms planlagt kraftstasjon, ca 1,8 km ved Åmot, renn Eidsåi saman med ei sideelv frå nord. Ved utløpet i Frygnefjorden har Eidsåi eit nedbørfelt på 67,9 km².

Mot nord grensar nedbørfeltet til Eidsåi mot nedbørfeltet til Uvdalselvi. Dette er eit stort vassdrag med eit nedbørfelt på 850,6 km² ved utløp ved Rødberg, i nordenden av Norefjorden. I nord-aust grensar Eidsåi sitt nedbørfelt til fleire mindre elvar som alle har utløp i Norefjorden.

Mot vest og sør-vest grensar Eidsåi sitt nedbørfelt mot nedbørfeltet til Austbygdåi (også kalla Tessungåi), Telemark fylke. Dette er eit elvesystem som renn sørover munnar ut i nordenden av Tinnsjøen ved Austbygd. Ved utløp i Tinnsjøen er nedbørfeltet på 345,2 km². Austbygdåi er verna i verneplan II for vassdrag.

Rett sør for Eidsåi grensar nedbørfeltet til nedbørfeltet for Skjerva, også denne Telemark fylke. Denne elva har eit langstrakt nedbørfelt, retning nord-sør, på 103 km². Elva renn ut på austsida av Tinnsjøen ved Hovin. Skjerva er verna i verneplan IV for vassdrag.

Det er ikkje andre kraftverk i vassdraget. Lenger nedstrøms er Eidsåi kraftverk under planlegging med installert effekt ca 4 MW.



2 Beskrivelse av tiltaket

2.1 Hoveddata

Gjuvsgrendi Kraftverk, hoveddata		
TILSIG		Hovedalternativ Ev. alternativ 2
Nedbørfelt	km ²	30,2
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	22,3
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	23
Middelvassføring	m ³ /s	0,7
Alminnelig lavvassføring	m ³ /s	0,045
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	0,060
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,030
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	780
Avløp	moh.	525
Lengde på berørt elvestrekning	m	3200
Brutto fallhøyde	m	255
Midlere energiekivalent	kWh/m ³	0,56
Slukeevne, maks	m ³ /s	1,4
Slukeevne, min	m ³ /s	0,070
Tilløpsrør, diameter	mm	900
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	2620
Installert effekt, maks	MW	2,85
Brukstid	timer	2636
MAGASIN		
Magasinvolum	mill. m ³	0,002
HRV	moh.	780
LRV	moh.	780
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,0
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	5,5
Produksjon, årlig middel	GWh	7,5
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	27,1
Utbyggingspris	kr/kWh	3,6

Gjuvsgrendi Kraftverk, Elektriske anlegg	
GENERATOR	
Ytelse	3,2 MVA
Spenning	0,99 kV
TRANSFORMATOR	
Ytelse	3,4 MVA
Omsetning	0,99 / 22 kV
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kablar)	
Lengde	0,3 km
Nominell spenning	22 kV
Luftlinje el. jordkabel	Jordkabel

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativ

Hydrologi og tilsig:


Hydrologiske data og analyse er utført av NVEs hydrologiske avdeling. Det er ikkje utført målingar av vassføring i elva. Ved utrekning av nedbørdata er målestasjon i vassdraget 15.53 Borgåi, lagt til grunn. Dette nedbørfeltet ligg nord for Rødberg og er ca 3 ganger så stort som Eidsåi. Tidsserien på Borgåi har god kvalitet og lengda på serien er tilfredsstillende. Denne målestasjonen gir difor eit godt estimat for hydrologiske forhold i Eidsåi. Skalert for areal og avrenning er skaleringsfaktoren berekna til 0,49.

Hovuddata:

	eining	
Nedbørfelt (innteikna på kart, vedlegg 1)	km ²	30,2
Spesifikk avløp	l/s/ km ²	23
Middelavløp	m ³ /s	0,71
Alminneleg lågvassføring	l/s	0,045

Fordeling over året:

Data for fordeling over året er henta frå måleserien for Borgåi i perioden 19967 – 2006. Den heiltrekte svarte kurva nedunder viser fleirårs middel for vassdraget. Avrenninga er prega av vårflom med vassføring 3 – 4 m³/s (ca 5 x middelvassføring) i perioden mai – juli. Vassføring rundt middelvassføring i perioden august til november. Lågvassføring oppstår normalt på etterjulsvinteren frå januar til april.



Fordeling over året. Plott som viser middel/median- og minimumsvannføringer (døgndata).

Omsøkt minstevassføring:

- sommar (1. mai – 30. september) 45 l/s (alm. lågvassføring)
- vinter (1. oktober – 30. april) 30 l/s (5-persentil vintervassføring)

Restfelt:

Restfeltet er på 20,1 km² og er vist på oversiktskart vedlegg 1. Middellavrenninga frå restfeltet er estimert til 23 l/s/km². Dette gir ei middelvassføring frå restfeltet ved kraftstasjonen på 0,46 m³/s.

Nesten halve restfeltet (ca 9 km²) kjem frå sidevassdraget Kvanna. Denne renn ut i Eidsåi ca 1 km nedanfor planlagt inntak.

Regulering og overføringer:

Kraftverket er eit reint elvekraftverk utan reguleringsmagasin. Det er ikkje planlagt overføring av vatn frå sidebekkar eller andre vassdrag.

Inntak:

Inntaksdammen i Eidsåg er planlagt bygd på best eigna stad i elva med overløp på ca kote 780. Sjå bilete nr. 1 på vedlegg 4. Dammen er tenkt utført som bua betongdam med delvis steinplastring på luftsida.

For dam og inntaksarrangement gjeld fylgjande data:

	Inntaksdam
Damhøgde, m	3
Dambreidde, m	12
Volum dam, m3	Ca 500
Neddemt areal, m2	250
Installasjonar i dam/inntak:	Grovvarerist Finvarerist Bjelkestengsel for inntak Stengeventil på røyr Lufterøyr Uttak for minstevassføring Spyleluke Sonde for vasstandmåling Eventuelt lukehus Eventuelt varmekabelanlegg.

Røyrgate

Røyrkata vert ca 2620 m lang, diameter 0,9 m. Plassering av røyrkata er vist på situasjonsplan vedlegg 2. Bilete nr 2, vedlegg 4, viser del av røyrkatetraseen langs eksisterande privat veg i området. Røyrkata vert nedgraven i heile lengda. Grunnforholda er i hovudsak lausmasse, men noko sprengd grøft må påreknast. Øvste del av røyrkatetraseen er lagt langs eksisterande privat veg, ca $\frac{3}{4}$ av heile lengda. Vegen vert nytta som anleggsveg i byggeperioden. I deler av traseen er det skog som må ryddast. Eit ryddebelte på 15 – 20 m er nødvendig der røyrkata ikkje går langs veg. I nedre delen kryssar røyrkata innmark og noko igjengrodd beitemark og går over i ei bratt helling (ca 25 grader) ned til kraftstasjonen. I denne hellinga må røyret forankrast i lengderetning ved hjelp av eit nedgrave betongfundament og strekkfaste skjøtar nedstrøms fundament.

Kraftstasjonen

Kraftstasjonen er planlagt ved kote 525 der terrenget flatar noko ut. I samband med utarbeiding av detaljplanen må nøyaktig høgde vurderast for å sikre mot flomvassføring i elva. Det vert vist til vedlegg 4 som viser utforming og terrengplassering av stasjonen. Utløpet frå kraftstasjonen vert i kort avstand frå elveløpet.

Fysiske mål og materialbruk:

Grunnforhold:	lausmasse/fjell
Fundament:	betong
Lengde x breidde:	9 x 10 m
Utløpskanal, l x b:	8 x 2 m

Materialbruk:

- yttervegger: bindingsverk med feltvis glas. Farge oker.
- innervegger: betong/bordkledning
- tak: takstolar (tre) med utvendig stålplatekledning

Utafor stasjonen vert det ein oppgrusa plass ca 200 m².

I stasjonen er det planlagt plassert 1 stk peltonturbin med ei slukeevne på 1,4 m³/s. For generatorar og transformatorar gjeld fylgjande data:

Elektriske anlegg:

Generator	Yting, MVA	Spenning, kV
	3,2	0,99
Transformator	Yting, MVA	Omsetning, kV/kV
	3,4	0,99/22

Vegbygging

Eksisterande vegar: Eksisterande kommunal veg til Gjuvsgrendi vert nytta som tilkomstveg til anleggsområdet. Der den kommunale vegen sluttar, fortset ein privat veg. Denne vert nytta som tilkomst til inntak, dam og røyrkata. Vegen er av bra standard, men vil krevje noko opprusting og oppussing etter utbygginga.

Nye vegar: Det vert trong for ny veg frå kommunal veg ved Sønstegard og ned til stasjonen. Denne vert ca 200 m lang og er vist på kart 1:5 000, vedlegg 2. Vegen er planlagt slik at han kan nyttast til transport i anleggstida og seinare tilsyn med anlegget. Vegbreidde 4,0 m og elles som traktorveg klasse 7 etter normal for landbruksvegar. Inntaket ligg like ved den private vegen i området, ca 10m. Det er her planlagt ei avkøyrsløp og med tilkomst til inntaket.

Kraftlinjer

Eksisterande nett til Gjuvsgrendi er 22 kV linje opp dalen og fram til transformator ved Sønstegard. Denne linja har ikkje kapasitet til planlagt kraftverk og må difor forsterkast ved bygging av kraftverket. Nore Energi AS, som er områdekonsesjonær, har vore kontakta om saka. Dei er positive til ei slik oppgradering av 22kV-linja, og dei har også interesse av å byggje høgspenninglinja vidare oppover dalen, fram til hyttene oppstrøms planlagt inntak. Det kan vere aktuelt å samarbeide om grøft for høgspenningkabel og trykkrøyr for vatn.

Det er planlagt å leggje ny 22 kV jordkabel frå stasjonen til tilknytingspunkt eksisterande 22kV linje ved Sønstegard. Kabelen vert lagt i grøft saman med trykkrøyr og ny veg til stasjonen.

Under vedlegg 7 ligg to notat frå Nore Energi AS.

Masseuttak og deponi

Det vert ikkje trong for masseuttak eller deponi ved anlegget. Overskotsmassane ved inntak/dam, røyrkata og ved kraftstasjonen vert nytta til terrengarrondering lokalt.

Køyremønster og drift av kraftverket

Kraftverket vil vere eit reint elvekraftverk der effekt og kraftproduksjon vil variere i takt med vassføring i elva. Det er ikkje planlagt effektkøyning av kraftverket. Som vist i vedlegget "Hydrologiske forhold", vil produksjonen vere minst i perioden desember – mars og størst i perioden mai – september.

Flom og overløp vil normalt kunne oppstå i perioden mai – juli.

Måling av vasstand i inntakskanalen vil styre vassføring gjennom turbinen. Når vassføringa i elva er mindre enn slukeevna til turbinen vil vasstanden vere konstant med ein nivåvariasjon på +/- ca 3 cm. Det er ikkje planlagt start/stopp-køyning av kraftverket. Når vassføringa er større enn slukeevna og vil det vere overløp. Kraftverket vil då gå med maksimal effekt.

2.3 Kostnadsoverslag

Gjuvsgrendi Kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	
Overføringsanlegg	-
Inntak/dam	0,82
Driftsvassveier	9,86
Kraftstasjon, bygg	1,56
Kraftstasjon, maskin og elektro	9,31
Kraftlinje (inkl. del av nettførsterking)	0,18
Transportanlegg	0,35
Div. tiltak (terskler, landskapspleie, med mer)	0,10
Uforutsett	2,20
Erstatningar	0,36
Planlegging/administrasjon.	1,69
Finansieringsutgifter og avrunding	0,75
Sum utbyggingskostnader	27,00

Kostnadene er basert på prisar for 2007.

2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket

Fordelar ved tiltaket:

Årleg produksjon for kraftverket er kalkulert til ca 7,5 GWh. Fordelen ved tiltaket er difor i første rekkje kraftproduksjon.

Andre fordeler:

- I framtida vil tiltaket gi ei god økonomisk støtte for næringsdrifta, spesielt for dei grunneigarane som driv jordbruk. Det vert her understreka at tiltaket gir tilleggsinntekter for mange bruk, jf. oversikt over grunneigarar/fallrettseigarar vedlegg 6. Ved generasjonsskifte på desse bruka vil tilleggsinntektene vere med å trygge framtidig drift.
- Skatteinntekter til Nore og Uvdal kommune

Ulemper

- Redusert vassføring i elva.

2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

Arealbruk

Areal som vert nytta ved prosjektet:

	Anleggsfase	Driftsfase
Inntak og dam	1000	400
Røyrgate	32000	7800
Stasjon m/utløpskanal	1000	500
Vegar og kraftlinje(jordkabel)	3000	2000
Totalt	37.000	10.700

For lokalisering av areala vert det vist til situasjonskart vedlegg 2. Arealet ligg på utbyggjarane/fallrettseigarane sin eigedom og det vert oppretta leigeavtalar mellom aktuell grunneigar og utbyggingsselskapet.

Eigedomsforhold

Det er til saman 5 fallrettseigarar i prosjektet. Det er semje mellom eigarane av fallet om at dei ynskjer ei utbygging, og det er inngått avtale mellom eigarane om å søkje konsesjon. Det vert elles vist til pkt. 1.1 over og vedlegg 6.

2.6 Forholdet til offentlige planer og nasjonale føringar

Tiltaket sin status i høve til:

Kommuneplan: I arealdelen i kommuneplanen for Nore og Uvdal er tiltaksområdet lagt ut som LNF-område. Andre offentlege planar ligg ikkje føre.

Samla plan for vassdrag (SP): Utbygging av Eidsåa er ikkje handsama i Samla Plan, men øvre del av feltet er inkludert i eit SP prosjekt med ny takrenneoverføring til Uvdal 1 og 2 kraftverk. Det blei søkt konsesjon for SP prosjektet i 1986, men denne vart avslått i 1988.

Samla Plan prosjektet vedrører også Devegga kraftverk som fekk konsesjon i 2008 og som er under bygging. I følge vannressurslova § 22 er det kun Olje- og energidepartementet som kan fatte vedtak om prosjekter som er i konflikt med Samla plan-prosjekt. OED kommenterte i sitt tilsagn om konsesjon for Devegga kraftverk, 11. April 2008, at dei ikkje er kjende med at SP prosjektet lenger er til vurdering. Utbygging av Devegga vil redusere potensialet i SP prosjektet fra 30 GWh/år til ca. 20 GWh/år. Det vert difor vurdert som svært lite sannsynleg at SP prosjektet framleis er aktuelt for gjennomføring.

Verneplan for vassdrag: Vassdraget er ikkje verna.

Nasjonale laksevassdrag: Vassdraget er ikkje del av nasjonale laksevassdrag.

Ev. andre planar eller verna områder: Tiltaksområdet, eller deler av det, er ikkje verna etter naturvernlova eller freda etter kulturminnelova eller andre verneplanar.

Inngrepsfrie naturområder (INON): Det er bygd veg på begge sider av elva oppover dalføret forbi planlagt inntak. Inngrepsfrie naturområder vert ikkje redusert som følge av utbygging i vassdraget.

2.7 Alternative utbyggingsløsningar

Det er vurdert alternative plasseringar av kraftstasjonen. Sidan elva i større områder renn gjennom ei djup kløft er andre stasjonsplasseringar vanskeleg både ut frå landskapsmessig, tekniske og økonomiske omsyn. Ein har difor ikkje funne alternative utbyggingsløyser som er vurdert å kunne realiserast.

.

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

3.1 Hydrologi (verknader av utbygginga)

Dagens situasjon:

Nøkkeltal:

Middelvassføring er utrekna til 0,7 m³/s

Alminneleg lågvassføring er utrekna til 45 l/s

5-persentil sommarvassføring (1.5 – 30.09): 60 l/s


5-persentil vintervassføring (1.10 – 30.4): 30 l/s

Vassføring fordelt over året:

Det vert vist til kap. 2.2 over.


Variasjon i avrenning frå år til år:

Figuren under viser middelavrenninga frå år til år i perioden 1967 -2006. I høve til normalavløp er variasjonen +/- ca 59%. Det er funne at årsavløpet i Eidsåi har variert mellom ca 0.29 og 1.13 m³/s. I perioden er 1976 det tørraste året og 1967 det mest vassrike året basert på årsvolum.



Flaumar:

Maksimale flaumar (døgnmiddel) er vist under. Vårflaumen dominerar med ein intensitet ca $15 \text{ m}^3/\text{s}$. Mindre flaumar oppstår også på ettersommaren og hausten. Kulminasjonsvassføringar er noko større.



Konsekvensar av ei utbygging:

Konsekvensar av ei utbygging er vurdert med fylgjande føresetnader:

Slukeevne for turbinen er $1,42 \text{ m}^3/\text{s}$. Minste driftsvassføring er 70 l/s .

Planlagt minstevassføring er:

1.05 – 30.09 : $0,045 \text{ m}^3/\text{s}$

1.10 - 30.04 : $0,030 \text{ m}^3/\text{s}$

Nedanfor er det gitt vassføring i elva for høvesvis eit tørt, middels og eit vått år. Aktuelle år er valde frå nedbørsperioden 1984– 2006. Årstal og årsmiddel for åra er;

		m^3/s	
Turt år	1976	0,29	(turrast i perioden)
Middels år	2002	0,71	
Vått år	1967	1,13	(våtast i perioden)

Tal dagar med vassføring større enn maksimal slukeevne og mindre enn minste slukeevne tillagt planlagt minstevassføring:

	Tørt år - 1976	Middels år - 1999	Vått år - 2005
Tal dagar med vassføring > maksimal slukeevne	15	52	64
Tal dagar med vassføring < planlagt minstevassføring + minste slukeevne	175	92	61

Overløp vil hovudsakleg inntreffe under vårflaum og under haustflaumar. Kurver for restvassføring for tørt, middels og vått år er lagt ved under vedlegg 3.

3.2 Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima


Dagens situasjon: Elva renn open deler av vinterhalvåret. Elva er normalt islagt i vintermånadene. Det er ikkje isgang eller frostrøyk slik elva renn naturleg.

Anleggsfasen: Elva vil renne naturleg og situasjonen vert uendra.

Driftsfasen: Vassføringa vert vesentleg redusert. Vassføringa i vintermånadene er normalt så liten at kraftverket ikkje vil vere i drift. Det er difor grunn til å hevde at vasstemperatur eller istilhøve ikkje vert vesentleg endra. Ovafor inntaket vert vassføring og dermed tilhøva i elva uendra.

I sommarmånadene kan vasstemperaturen bli litt høgare.

Verknad for vasstemperatur, isforhold og lokalklima:




3.3 Grunnvatn, flaum og erosjon

Grunnvatn: Grunnvassressursane i området er ikkje kartlagde. Dagens situasjon vert venteleg ikkje endra ved ei utbygging.

Flaumar: Flaumane i vassdraget er typisk vårflaumar. Typisk størrelse for døgnmiddelflaumane ligg på 10-15 m³/s. Kulminasjonsverdi ligg noko høgare. Ein stipulert 50-års flaum i Eidsåi vil ligge på 25 - 30 m³/s. Med ei slukeevne på turbinen på 1,42 m³/s så vil flaumsituasjonen i elva ikkje bli vesentleg endra.

Flaum og erosjon: Grunntilhøva ved inntak og dam er fjell. I anleggstida vert det difor ikkje fare for erosjon. Langs heile den berørte elvestrekka renn elva på fjell og blokkstein. Erosjon er difor ikkje ei aktuell problemstilling i elvefaret.

Verknad for grunnvatn, flom og erosjon:



3.4 Biologisk mangfold

Det er utarbeidd eigen rapport for registrering av biologisk mangfold i vassdraget. Rapporten er utarbeidd av Bioreg AS. Rapporten ligg som vedlegg 8. I tillegg er tiltaksområdet omfatta av det landsdekkande prosjektet for registrering av biologisk mangfold i bekkekløfter. Resultatet frå dette prosjektet er inkluderte i denne rapporten. For det aktuelle tiltaksområdet for Gjuvsgrendi Kraftverk bygger rapporten for bekkekløftprosjektet på data og funn som er gjort av Bioreg AS i vedlagt rapport.

Dagens situasjon:

Ut over det som må seiast å vere vanleg for regionen både av artar og naturtypar er det her trekt fram det som er spesielt viktige naturtypar og raudlisteartar.


Raudlisteartar:

Ved inventeringa den 17. september 2007 (Bioreg AS) vart det påvist fleire raudlista lavartar innafør influensområdet, samt tre raudlista soppartar (vedbuande).

Lavartene er; gubbeskjegg (NT), kort trollskjegg (4, NT), olivenfiltlav (4, VU), hodeskodelav (4, VU) og spikeskjegg (4, 6, NT).

Av sopp er de tre vedboende artene; begerfingersopp (7, NT), rosenkjuke (6, 7, NT) og furuplett (NT) påvist.

Kartutsnitt som viser lokalisering (tal i parantes over):



Den raudlista plantearten søterot er påvist tidligare på sørsida av Eidsåi (Svalastog og Korsmo 1995), men desse førekomstane ligg lenger oppe i lia og godt utanfor influensområdet til dette planlagde tiltaket. Dessutan er det opplyst at ein raudlista rovfugl hekkar i nærområdet til utbyggingsområdet.

Registrerte verdifulle naturtypar:

Det er funne 5 verdifulle naturtypar som er vurdert som fylgjer:

Lok. nr.	Lok. navn	Naturtype	Verdi	Omfang	Betydning
nr. 1	Bekkekløft i Eidsåi	Bekkekløft, bergvegger	Middels	Lite/middels neg.	Lite/middels neg.
nr. 2	Sønstegard sørvest	Gammel barskog	Middels	Svært stort neg.	Stor neg.
nr. 3	Ramsrud	Gammel lauvskog, gamle ospeholt	Middels	Lite/ikke noe neg.	Liten neg.
nr. 4	Ramsrud, sør	Bjørkeskog med høgstauder	Middels	Middels neg.	Lite/middels neg.
nr. 5	Eidsåi, øvre	Bekkekløft, kalkberg	Middels	Lite/ikke noe neg.	Ingen neg.

Tabellen ovanfor viser i grove trekk, verdi, omfang og verknad det planlagde tiltaket vil ha for den enkelte lokalitet. For meir detaljerte opplysingar om den enkelte lokaliteten vert det vist til hovudrapporten.

Samla for utbyggingsområdet er verdien sett til **middels**.

Konsekvens ved ei utbygging:

Anleggsfasen:

Av dei raudlista lav- og soppartane vert lite berørt i anleggsfasen. Av dei verdifulle naturtypene som er registrert vil lokalitet nr 2, gamal barskog sør for Sønstegard, kunne gå tapt sidan kraftstasjonen er planlagt her. Denne er vurdert som middels verdifull. Inngrepet ved dam og inntak er lite og anleggsfasen vil ha relativt kort varigheit. Røyrгатetraseen går i hovudsak langs eksisterande veg i området, men vil gå over utmark/mark i gjengroingsfase og litt innmark. Konsekvensen vil vere eit hoggsbelte på ca 15 m og oppgravd grøft med køyretrase langsetter. I anleggsfasen kan dessutan anleggsarbeidet ha negativ verknad for hekkande rovfugl i området.

Driftsfasen:

I driftsfasen er redusert vassføring i elva den viktigaste endringa. På grunn av at fuktig frå liane er viktigaste fuktkjelda for plantene i området er konsekvensen for dei raudlista artane vurdert som middels/lite negativ. For dei registrerte verdifulle naturtypene er verknaden vurdert som middels negativ.

Samla vurdering, verknad for biologisk mangfald:

Verknad for biologisk mangfald:				
Stort neg	Midd. Neg	Lite	Midd pos	Stort pos
-----	-----	-----	-----	-----
^				

3.5 Fisk og ferskvassbiologi

Dagens situasjon:

Innafor utbyggingsområdet finst det ikkje anna fisk enn bekkaure, og det vert opplyst frå lokalt hald at det ikkje vert drive fiske i dette området. Lenger oppe i vassdraget, mot vest ved Storetjønnan, blir det sett ut fisk og der er ein aktiv fiskeforening.


Konsekvensar:

Det er søkt om minstevassføring 45/30 l/s for henholdsvis sommar- og vintersesong. I øvre del av utbyggingsområdet vert vassføringa vesentleg redusert. I nedre del av utbyggingsområdet vil sideelva Kvanna, som representerer ein betydeleg del av restfeltet, betre tilhøva.

Vassføringsdata for Kvanna:

Middelvassføring:	210 l/s
Alm. Lågvassføring:	8 l/s
5-persentil sommar:	12 l/s
5-persentil vinter:	8 l/s

Nedstrøms der Kvanna renn ut i Eidsåi vert difor tilhøva for fisk mindre negativt påverka. Dette er også tilfelle for botndyrfauna.



3.6 Flora og fauna

Utanom det ein kan vente seg langs et vassdrag i et skoglandskap såpass høgt over havet, så er variasjonen i naturmiljøet relativt avgrensa. Unntatt er deler av miljøet i lia nedanfor gardane Ramsrud, Nirigard og Halvorsgard. Her er det stadvis ganske frodig, og nedanfor Ramsrud ligg det også et ganske rikt ospeholt, der det vart funnet raudlista vedbuende sopp på en gammel ospelåg. Langs sjølve elvestrengen er det relativt lite av spesielle naturverdiar, og for det meste er miljøet fattig.

Litt ovanfor der Kvanna renner ut i Eidsåi er det eit lite område med litt skifrig berggrunn. Her fann ein noko mei krevande artar som rødsildre, gulsildre, fjellsyre, bergfrue m.fl. Sjølv om det er nokre mindre fossar i elva i utbyggingsområdet, så er det ingen stader tilløp til såkalla fosse-eng eller fosserøykskog. Skogen i heile området er sterkt prega av skogbruk i tidlegare tider, i form av plukk- og gjennomhogst. Noko av lia på nordsida av elva er tidlegare utnytta både til slått og beite, og mykje av dette området bærer preg av å være i ein gjengroingsfase.

Det er funne til saman 8 raudlisteartar i det undersøkte området, for det meste lav og sopp. Det vert vist til pkt. 3.4 over vedrørande planteliv i området.

Når det gjeld vilt er det funne ein raudlista rovfugl som hekkar i nærområde. Det er elles vanlege artar av pattedyr som naturlege høyrer heime i denne regionen.

Konsekvensar ved ei utbygging:


Anleggsfasen:

Anleggsaktivitet og støy vil ha negativ verknad for dyrelivet i området. Elles vil ryddebelte for rørtraseen og kraftstasjon medføre felling av noko skog. Ved å ta vare på og legge tilbake torv og matjord vil det meste av øvrig vegetasjon kunne takast vare på.

Driftsfasen:

I driftsfasen vil ulempene ved ei utbygging også på dette punktet vere knytt til redusert vassføring mellom inntak og kraftstasjon. Redusert vassføring vil kunne redusere produksjonen av botndyr. Som nemnt under pkt. 3.4 over så får plantene i elvesidene mest fukt frå vassig i lia. Verknaden for plantene er difor vurdert som liten/mid. negativ.

Samla er verknaden av ei utbygging av Gjuvsgrendi Kraftverk vurdert som lite/ middels negativ for flora og fauna i det påverka området.



3.7 Landskap

Vassdraget har sitt utspring i fjella mellom Tessungdalen i Telemark i sørvest og Gjuvsgrendi i Numedalen i nordøst. Her ligg det to ganske store vatn, Storetjønnan (ca 1220 moh) der elva har sin begynnelse. Ho renn først i nordvestleg retning for sidan å dreie meir nordaust. Ved Breidset er det eit vasskilje mot Uvdal i nord og dei fleste vassvegane i området tek den vegen. Eidsåi derimot, svingar etter kvart i søraustleg retning og renn ut i Breidsetvatnet. Derifrå renn ho vidare sørover der ho etter kvart også passerer Gjuvsgrendi før ho endar i Numedalslågen. Undervegs får Eidsåi tilførsel frå nokre sideelvar, m.a. frå Kvanna, som ei av dei største. Kvanna renn inn i Eidsåi nedanfor inntaket til dette prosjektet. Frå aust kjem det inn ein sidebekk litt oppstrøms inntaket. Denne har sitt utspring i Røytjørni (1015 moh) oppe i Krosstjørnhovdun. Fjella i dette området ligg på ca 1000 – 1300 moh.

Generelt kan den skogdekte, midtre og nedre delen av Eidsåi karakteriserast som eit markert bekkekløftlandskap med tung topografi og store høgdeskilnader.

Ved inntaket og lenger oppe i elvedalen renn Eidsåi ganske opent i terrenget, utan serlege juv. Også like nedafor inntaket er elvelandskapet relativt opent og ikkje prega av kløft eller juv.

Bilde like nedanfor planlagt inntak.

Lenger nedstrøms blir bekkejuvet til Eidsåi djupare og smalare, med svært bratte lisider ned mot elva. Juvet er eit framtrédande landskapselement, medan elva er lite synleg. Elva renn for det meste i stryk men med innslag av mindre fossar og nokre flatare parti der elva renn rolegare. Elvebotn er for det meste prega av stor stein.



Bilde av bekkekløft i området ved utløpet frå Kvanna.



Elvebotn i bekkekløfta prega av stor stein

Mykje av utbyggingsområdet er elles sterkt prega av forskjellige menneskelige inngrep. Dette er først og fremst vegar, serleg i øvre del av utbyggingsområdet, men også området rundt busetnaden i Gjuvsgrendi er prega av nyare inngrep. Sjølve kløftelandskapet derimot er ikkje særlig påverka av nyare inngrep, men sterkt preget av tidlegare hogst. Mykje av kulturlandskapet rundt Gjuvsgrendi er i typisk gjengroingsfase og nokre stader er gjengroinga kommen så langt at naturverdiane er mest knytt til skog og skogstruktur.

Konsekvensar for landskapsmessige forhold i anleggsfasen: Arbeidet må utførast med større anleggsmaskiner og vil såleis krevje plass og bli synleg i landskapet i anleggstida. Trafikken til og i

anleggsområdet vil i hovudsak gå føre seg på eksisterande vegar. Også store deler av røyrgetetraseen ligg langs eksisterande veg. Ned til kraftstasjonen er det planlagt ny veg, ca 200 m. Ved inntak og dam vert det opparbeidd midlertidig plass for rigg og lager.

Konsekvensar for landskapsmessige forhold i driftsfasen: Fylgjande endringar vert synleg i landskapet:

- synleg inntaksdam og steinplastring ved inntaket. Avkøyrse frå eksisterande veg og bort til inntaket, ca 25m.
- Synleg kraftstasjon med avløpskanal
- Noko opprusting og utviding av eksisterande privat veg.
- Ny veg frå kommunal veg og ned til kraftstasjonen, ca 200 m.
- Redusert vassføring i elva mellom inntak og utløp/stasjon.


Øvrige inngrep i landskapet vert sette i stand så likt eksisterande situasjon som råd.

Inngrepsfrie naturområder (INON): I tiltaksområde er det bygd veg, kraftlinje, bustadhus og gardsbruk. Som fylgje av desse inngrepa vil kraftverket ikkje redusere inngrepsfrie naturområder.

Med bakgrunn i ovannemnde vil tiltaket ikkje medføre særleg store konsekvensar for eksisterande landskapsforhold i driftsfasen.

Det vert elles vist til illustrasjon av kraftstasjon, vedlegg 4 og pkt. 4 - avbøtande tiltak.

Samla vurdering, verknad for landskap:




3.8 Kulturminner

Det er teke kontakt med kulturavdelinga i fylkeskummen for å få ei oversikt og orientering om kulturminner og eldre bygningar eller ruinar:

Kulturminner: I tiltaksområdet har ein i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne.


Verneverdige bygningar: SEFRAK -registeret er gjennomgått for heile tiltaksområdet. Ingen registrerte bygningar eller ruinar kjem i konflikt med utbyggingsplanane slik dei ligg føre. Dette gjeld både for utbyggings- og driftsfasen.



3.9 Landbruk

Tiltaksområdet vert i dag noko nytta som sommarbeite for sauer. Dette gjeld kun området for røyrgata. I anleggsfasen vil beiteforholda bli noko påverka av tiltaket. I driftsfasen vil tilhøva verte uendra eller noko betre (rydding av utmark). Verknaden for driftstilhøva er såleis små.

Mange bruk vil få tilleggsinntekter ved ei kraftutbygging. Bruk med marginalt inntektsgrunnlag vil få tilleggsinntekter som sikrar drifta.



3.10 Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Vassforsyning:

På strekninga mellom inntak og kraftstasjon vert Eidsåi ikkje nytta som drikkevasskjelde eller anna vassforsyning.


Vasskvalitet:

Anleggsfasen: Fundamenttilhøva ved dam/inntak er fjell. Bygging av dam og inntak vil difor gi lite tilslamming av vassdraget. Vasskvaliteten ver difor lite påverka.

Driftsfasen: Vassføringa i elva vert redusert. Sidan det er lite ureining i området vert vasskvaliteten marginalt dårlegare.

Resipientforhold:

Det er i dag lite intensiv jordbruk i Gjuvsgrendi og tilsvarende lite avrenning frå husdyrhald. Reduksjon av vassføring er difor vurdert å ikkje vere negativt for resipientforholda.




3.11 Brukarinteresser

Tiltaksområdet vert i dag lite nytta som turområde. Det mest nytta turområdet ligg oppstrøms inntaket. Området vert nytta til noko til jakt. Det vert drive lite/ikkje fiske i den delen av elva som er innafør tiltaksområdet.

Anleggsfasen: Anleggsarbeidet vil gjere området mindre attraktivt som turområde og jaktforholda vil venteleg bli dårlegare.

Driftsfasen: Etter istandsetjing og tilsåing av anleggsområdet vert verknadene for friluftsliv og jakt som før.



3.12 Samiske interesser

Det er ingen samiske interesser i området.

3.13 Reindrift

Det er ikkje reindrift i området.

3.14 Samfunnsmessige verknader

Tiltaket vil gi ein straumproduksjon på ca 7,5 GWh årleg.

Anleggsfasen: Lokalt næringsliv kan dra nytte av prosjektet i anleggstida. Det er ikkje venta særlege konsekvensar for busetjing og folketal, men prosjektet vil vere med å sikre det økonomiske grunnlaget for grunneigarane og på den måten sikre lokal sysselsetjing og busetjing.


Driftsfasen:

Tiltaket vil styrke næringsgrunnlaget for dei bruka som er medeigarar. For tilsyn og drift av kraftverket vert det budsjettert med ei deltidsstilling. Dette vil bli ein lokal tilsett.


For Nore og Uvdal kommune vil kraftverket gi inntekter i form av skatt og avgifter. Det er ikkje venta konsekvensar for sosiale og helsemessige forhold.

Kraftbalanse i området:

Lokale Energiutredninger (LEU): Det er utarbeidd lokal energiutgreiing for Nore og Uvdal kommune i 2009. I kommunen er det overskot av el-kraft, og største delen av produksjonen vert ført ut av kommunen. Figuren under illustrerer kraftbalansen i kommunen:



I fylgje LEU er største veksten i energibehov knytt til hyttebygging i kommunen. Dei neste 20 åra er det venta fylgjand auke i energibruk (ca 0,75 GWh pr år):




I LEU er det ikkje teke stilling til kva energibærar som vil dekke opp veksten. Det vil m.a. avhenge av framtidig prisutvikling.

Bygging av Gjuvsgrendi Kraftverk er også vurdert i høve til Regional Kraftsystemutredning (KSU), region Buskerud. Denne er datert mai 2010. Forbruket i Buskerud siste 10 åra har vore i underkant av 6000 GWh/år. Produksjonen av elektrisk energi har vore i overkant av 9000 GWh. Regionen er samla eit overskotsområde. I KSU for Buskerud går det også fram at transformatorstasjonen i Nore I er planlagt utskifta etter 2012. Størrelsen på Gjuvsgrendi Kraftverk er såpass liten at realisering av prosjektet har marginal verknad på det regionale kraftsystemet.

Samla er samfunnsmessige verknader vurdert som middels positive av ei eventuell bygging av Gjuvsgrendi kraftverk.


Samfunnsmessige verknader:



3.15 Konsekvensar av kraftlinjer

Det må byggjast ny 22kV kraftlinje frå kraftstasjonen til eksisterande 22 kV linje i området. Sjå kap. 2.2 over. Linja vert lagt i nedgraven jordkabel frå stasjonen til eksisterande 22 kV.

Verknad av kraftlinjer:



3.16 Konsekvensar ved brot på dam og trykkrøyr

Skjema for klassifisering av dammar og trykkrøyr er fylt ut og ligg ved søknaden.

Konsekvensar ved brot på dam: Dammen har lite oppdemt volum, ca 500 m³. Elvefaret har stor kapasitet og oppdemt volum er lite i høve til flaumvassføring. Det er ikkje bustadhus langs elvestrekninga. Eventuelt dambrot vil difor ikkje ha store konsekvensar. Dammen er difor foreslått plassert i brotkonsekvensklasse 0.

Konsekvensar ved brot på trykkrøyr: Trykkrøyrret vert lagt på sørsida av elva, og der er ikkje busetnad. Røyr gata går i store deler langs privat veg (hytte/fritidsbruk). Vegen er open for allmenn ferdsel. Brot på røyr gata vil øydeleggje vegen og lokalt vil ein få jordskred og utvasking. Røyr gata er difor foreslått plassert i brotkonsekvensklasse 1.

3.17 Konsekvensar av ev. alternative utbyggingsløsningar

Det er ikkje forslag om alternative utbyggingsløyser.

4 Avbøtande tiltak

Frå biologisk rapport er fylgjande konklusjon trekt i høve til avbøtande tiltak:

”Det vert tilrådd minstevassføring m.a. på grunn av at mange insektslarver har leveområdet sitt blant stein og grus i slike elvar. Når det gjelder størrelsen på minstevassføringa, så bør den minst være tilsvarende alminnelig lavvannføring, men helst i samsvar med 5-persentilen. Dette bør gjelde uansett utbyggingsalternativ. Predatorsikre hekkedassar bør setjast opp for fossefall. Forstyrre miljø (vegar, grøfter og liknande) bør ikkje såast til med framand plantemateriale. Av omsyn til fuglelivet bør det leggjast jordkabel til nærmaste 22 kV-line. Jordkabel er oftast det beste for naturmiljøet, spesielt her der han kan leggjast der det er andre naturinngrep (veg og røyrgate).”

Desse tiltake vert foreslått gjennomførde.

4.1 Anleggsfasen

I anleggsfasen vil det verte fokusert på å bruke minst mogeleg areal og å ta vare på mest mogeleg skog i området. Å redusere arealbruken er viktig både for området rundt inntak/dam, røyrgetrase og kraftstasjonen. Dette vil også vere viktig kostnadsmessing (kostnad med terrengarrondering).

Det er registrert ein raudlista rovfugl i området. Anleggsarbeidet bør leggjast utanfor hekkesesongen for denne.

4.2 Driftsfasen

Forbislepping av minstevassføring:

Omsøkt minstevassføring:

- | | | |
|-----------------------------------|--------|--------------------------------|
| - sommar (1. mai – 30. september) | 45 l/s | (alm. lågvassføring) |
| - vinter (1. oktober – 30. april) | 30 l/s | (5-persentil vintervassføring) |

I sommarhalvåret går elva i periodar med vesentleg større vassføring enn slukeevna for turbinen (1,42 m³/s). Middelvassføring for perioden mai – september er ca 1,25 m³/s.

Dvs. $Q_{\max} = \text{ca } 1,14 \times Q_{\text{m-sommar}}$. Minstevassføringa vil difor i denne perioden gi noko tappt produksjon. Det er likevel viktig å sikre ei minstevassføring av omsyn til allmenne interesser og dyre- og fuglelivet i området.

Alternativt minstevassføring 60 l/s (5-persentilen, ref. 3.1 over): Det er vurdert å auke minstevassføringa til 60 l/s i sommarmånadane. Auka vassføring vil gi fylgjande verknad:

- Miljø: svakt betra miljømessig effekt. Vegetasjonen i elva vil framleis vere sterkt prega av vårflommar/snøsmelting som typisk har ein storleik (døgnmiddel) på 10 – 15 m³/s
- Produksjon og økonomi: vil gi redusert produksjon med 0,17 GWh og auke utbyggingskostnaden til 3,70 kr/GWh (samanlikna med hovudalternativet for utbygging). Auka minstevassføring vil såleis ha ein svakt negativ verknad på produksjon og økonomi.
- Landskap: Auka minstevassføring vil hal liten/ingen effekt visuelt.

I vinterhalvåret, okt. – april, har elva mindre middelvassføring men med nokre mindre flomtoppar. Det er bruk for mest mogeleg vassføring for å holde sirkulasjon i rørleidningen og inntaket og på den måten unngå driftsproblem. Det er difor av driftsmessige omsyn viktig å bruke mest mogeleg tilgjengeleg vatn.

Ved vurdering av minstevassføring er det teke omsyn til Kvanna som har utløp i Eidsåi ca 1 km nedanfor inntaket. Kvanna forsyner hovudvassdraget med vatn også i lågvassperiodar, sjå vassføringsdata under kap. 3.5 over.

Dam og inntak: Det er lagt vekt på at dammen vert så låg som teknisk mogeleg. Området rundt dam og inntak vert sett istand på best mogeleg måte i forhold til omkringliggjande terreng. Områder mot elva vert plastra med stein. Som nemnt i rapporten om biologisk mangfald kan vegetasjonen etablerast ved tilgroing på naturleg vis.

Røyrkata og overføringar: Røyrkata og overføringane vert nedgravi i heile lengda. Avbøtande tiltak vert difor også her terrengtilpassing og reetablering av stadleg vegetasjon.

Kraftstasjon: Det er lagt vekt på form, plassering i terrenget og fargesetjing for at stasjonen skal få ei best mogeleg tilpassing. Det vert vist til teikningar/illustrasjonar i vedlegg 4.

5 Referansar og grunnlagsdata

Som grunnlagsdata for utarbeiding av søknaden er det nytta:


- NVE sine retningslinjer for utarbeiding av konsesjonssøknader
- Kostnadsdata basert på innhenta prisar på el.mek. utstyr og erfaringstal for bygge- og anleggsmessige arbeid.
- Synfaring i tiltaksområdet saman med grunneigarane. Oppmåling av høgder ved dam/inntak og kraftstasjon.
- Tilgjengelege kartdata der inngrepsfrie naturområder er registrert (Dir. for Naturforvaltning) og "Fylkesatlas" – registreringar av natur, miljø og kulturminne.
- Rapport "Hydrologiske data til bruk for planlegging av kraftverk i Eidsåi (15.H4Z), Nore og Uvdal kommune i Buskerud". Asgeir Petersen-Øverleir.
- Rapport "Eidsåa kraftverk i Nore og Uvdal kommune i Buskerud fylke. Virkninger på biologisk mangfold". Bioreg AS. Rapport 2007:14
- Utdrag frå prosjektet "Bekkekløfter 2009", Buskerud – Nore og Uvdal kommune.

Det vert elles vist til kjelder som er nytta ved utarbeiding av rapport for biologisk mangfold, vedlegg 8.

6 Vedlegg til søknaden

1. Oversiktskart (1:50 000).
2. Detaljert kart over utbyggingsområdet (1:5000, 2 deler).
3. Vassføringskurver.
4. Foto frå tiltaksområdet.
5. Foto av vassdraget under forskjellige vassføring
6. Oversikt over berørte grunneiere og rettshavarar
7. Notat frå områdekonsesjonær Nore Energi AS.
8. Miljørapport/kartlegging av biologisk mangfald.

Vedlegg 1 – Oversiktskart 1 : 50 000





0m 1000m 2000m

Rev.	Ant.	Revideringen gjeld	Dat.	Sign.
GJUVSGRENDI KRAFT AS			Dat. 19.05.10	
			Teikn. MOH	
			Kontr. AF	
			Prosj.nr. 7103	
OVERSIKTSKART GJUVSGRENDI KRAFTVERK Nore og Uvdal Kommune, Buskerud			Mål 1:50 000	Format A4
 Bystøl a/s Rådg. ing. byggeteknisk MRIF			6893 VIK I SOGN Telefon : 57 69 85 80 Telefaks : 57 69 85 81 E-post: post@bystol.no www.bystol.no	Avdeling Voss Bergli plass, Pb. 192 5701 VOSS Telefon : 56 51 16 45 Telefon : 56 51 28 55 E-post: voss@bystol.no
			Teikn.Nr. 7103-002	Rev.

- DOKUMENTASJONSTEGNING
- ARBEIDSTEGNING
- ARMERINGSTEGNING
- ANMELDELSESTEGNING
- FØREBELS TEGNING

Fil. 7103

Vedlegg 2 - Detaljert kart over utbyggingsområdet 1:5000.



Rev.	Ant.	Revideringen gjeld	Dat.	Sign.	
DOKUMENTASJONSTEGNING			GJUVSGRENDI KRAFTVERK AS		
ARBEIDSTEGNING			NORE OG UVDAL KOMMUNE		
ANBUDSTEGNING			SITUASJONSPLAN		
ANMELDELSESTEGNING			Mdl	1:5000	Format A3L
FØREBELS TEGNING			Teikn.Nr.	7103-001	Rev.




Bystøl a/s
Rådsg. byggeteknikk AMF
www.bystol.no

6893 YRK I SOGN
Avingdal Voss
Telefon : 57 89 85 80
Telefax : 57 89 85 81
E-post: post@bystol.no
Bergbluss, Pb. 192
5701 VOSS
Telefon : 56 51 16 45
Telefax : 56 51 28 55
E-post: voss@bystol.no

Fil.

Vedlegg 3 – Varighetskurve og vassføringskurver.





Varighetskurver (raud kurve). Årsmiddel $0.71 \text{ m}^3/\text{s}$. 100% svarer til $0.71 \text{ m}^3/\text{s}$.



Slukeevne (blå kurve): Viser kor stor del av den totale vassmengda kraftverket kan utnytte avhengig av den maksimale vassføringa gjennom kraftverket.

Sum lågare (grøn kurve): Viser kor stor del av vassmengda som ikkje kan utnyttast ved at tilsiget er mindre enn minste slukeevne.



Vassføring før og etter utbygging:



Plott som viser vannføringsvariasjoner i et tørt (1976) år (før og etter utbygging).



Plott som viser vannføringsvariasjoner i et middels (2002) år (før og etter utbygging).



Plott som viser vannføringsvariasjoner i et vått (2067) år (før og etter utbygging).

Vedlegg 4 - Fotografier av berørte områder.


Bilde nr. 1. Område ved inntak, august -07. Dam planlagt i framkant av bildet.




Bilde nr. 2. Område langs grusveg der det er planlagt røyrgatetrase på høyre sida av vegen.




Bilde nr. 3. Området ved Sønstegard der 22kV kraftlinje er avslutta og går over til 230V fordelingsnett.



Terrengmodell ved kraftstasjon.



Illustrasjon kraftstasjon.



